



Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2015/1434-554

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.12.2017

Politisk organisering - prosess for endeleg utforming

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda gjev arbeidsutvalet (FN-AU) mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.
2. Arbeidsutvalet legg fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2.kvartal 2018.
3. Fellesnemnda vurderer nærare når det vil vere naudsynt å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.


Vedlegg:

- 1 Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017), kap. 4.1.
- 2 Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, § 7.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

I §7 i reglementet til fellesnemnda er det nedfelt at fellesnemnda skal fastsette modell for politisk organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagt i intensjonsplanen. I intensjonsplanen er det like eins lagt opp til ei politisk organisering med eit «regionting», eit «regionutval» og fire hovudutval (etter følgjande grunnstruktur):



Intensjonsplanen slår vidare fast at fellesnemnda får i oppgåve å fremje forslag til den endelege politiske organiseringa innanfor desse rammene, herunder kontrollutval og administrasjonsutval. I denne vurderinga skal også tannhelsetenesta og alle nye oppgåver til det regionale folkevalde nivået vurderast/innplasserast og forankrast i den politiske organiseringa.

Vidare utvikling av den politiske organiseringa

Fylkesrådmennene vil føreslå at følgjande vert vurdert i tillegg i den samla utvalsstrukturen ved fastsetting av forslag til den politiske organiseringa:

- Ny vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur.
- Uttømmende innplassering av alle eksisterande fylkeskommunale oppgåve- og ansvarsområde i hovudutval eller fylkesutval.
- Vurdere politiske råd, nemnder og underutval i den nye fylkeskommunen.
- Ny vurdering i høve nye oppgåver til fylkeskommunane, jf. mogleg stortingsvedtak i juni 2018 basert på Ekspertutvalet sine tilrådingar mv.

Reglement og delegering

Det må utarbeidast og fastsetjast eit sett av reglement som regulerer det praktiske innhaldet i den politiske organiseringa:

- Samansetjing, oppgåver og delegering til ulike utval, råd og nemnder.
- Rutinar og praksis for sakshandsaming i politiske organ.
- Delegering til administrasjonssjefen.

Godtgjersle som folkevald

Innanfor den politiske organiseringa må det fastsetjast økonomiske rammevilkår for den politiske verksemda:

- Folkevalde med fast årleg godtgjersle (Heiltidspolitikarar).
- Møtegodtgjersle m.m.
- Tapt arbeidsinntekt.

Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene ser det som viktig og nødvendig å få tidleg på plass den politiske organiseringa, slik at den administrative organiseringa i størst mogleg grad kan tilpassast den fastsette politiske utvalsstrukturen. For å sikre framdrift og god forankring, må fellesnemnda ha ei sentral rolle i det vidare utgreiingsarbeidet av den politiske organiseringa.

Fylkesrådmennene føreslår difor at fellesnemnda sitt arbeidsutval får eit særskilt mandat til å utarbeide forslag til politisk organisering av den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar.

Arbeidsutvalet legg vidare fram forslag til politisk organisering for vedtak i fellesnemnda 2.kvartal 2018. Fylkesrådmennene meiner fellesnemnda må ha eit stort fokus på at det her må gjerast seinare endringar som tek høgde for overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.